

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2015 47. årg.



Lindisfarne

side 8



Ny prest på Undheim

side 10



Passport 2 Freedom

side 13



Kveldsgudstenestserie

side 20

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks tlf. 51 77 03 60

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039

Diakon: Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18

Sekretær Bryne sokneråd: tlf. 51 77 03 64

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Sekretær Time sokneråd: tlf. 51 77 03 64

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64

Sekretær Undheim sokneråd: tlf. 951 60 990

Knut Undheim tlf. 51 77 03 77

Sekretær: tlf. 51 77 03 76

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjevjerje: Olav Vegard Søyland tlf. 51 77 03 69

Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Trusopplærer Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø tlf. 977 46 283

Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad tlf. 900 21 635

Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128

Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærer Kristine Åsbø tlf. 950 20 920

Barne- og ungdomsarbeider Marion Lende tlf. 904 16 888

TT arbeidar: Jens Hetland Haavik tlf. 936 31 935

Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176

Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 31 623

Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 62

Ungdomspastor: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602

Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62

Kyrkjetenar helg: Håkon Espevik tlf. 413 79 422

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326

Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050

Ungd.arbeid. Lye: Anders Høgsås tlf. 952 51 809

Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Sokneprest: Dag Øivind Østereng tlf. 41 65 98 93

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: tlf. 51 48 43 07

Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 68 20

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no



Marion Lende

Til ettertanke

«.....For en varm beskrivelse av det å være ønsket.»

Hva former et menneske til den det er?

«Før jeg formet deg i mors liv, kjente jeg deg, før du ble født, helliget jeg deg». Jer,1.5

Dette er åpningen av profeten Jeremias bok i bibelen. For en varm beskrivelse av det å være ønsket! En beskrivelse av tilhørighet og mening, at selve livet er verdifullt, rammet inn av at Han som satte alt i gang, ønsker deg.

Har du noen gang tenkt igjennom hva som har gjort deg til deg? Hva som har formet deg til den personen du er i dag? Hva som former et menneske til den det er, kan ofte sees i sammenheng med hvordan det er blitt møtt. Måten vi møter hverandre på, er av avgjørende betydning. Gode møter, der vår verdighet bevares, er med på å styrke oss. Det er også mange som bærer på vonde følelser, fordi de ikke har blitt sett og møtt på en god måte. Som bærer på sår - synlige eller usynlige. Som har blitt møtt av personer som ikke hadde den nødvendige sensitiviteten som skal til for at vår grunnleggende verdi bevares.

Max Lucado har skrevet en bok som heter «Du er unik». Den handler om et folk laget av tre; trenikkene. Hver dag gjør trenikkene det samme: De fester enten gullstjerner eller grå prikker på hverandre. De flotte trenikkene, som er vakkert utskåret, som gjerne innehar mange talenter, som snakker godt for seg, er flinke - de får flotte gullstjerner. De andre som kanskje ikke kan så mye, de hvor malingen har begynt å skalle av, de som somler når de snakker – får grå prikker.

Marion Lende

En trenikk, Punchinello, hadde grå prikker over hele seg! Så mange prikker at han tilslutt ikke orket å gå ut. Redd for å gjøre noe dumt, redd for andres dømming. En dag møtte han Lucia, som ikke hadde et eneste merke. Verken gullstjerne eller grå prikker. Det var ikke det at folk ikke prøvde å gi henne merke, men de ville ikke sitte fast på henne! Punchinello tenkte at slik ville han også være; «jeg vil ikke ha noen merke». I møte med treskjæderen, skaperen hans, Eli, får Punchinello lære hvorfor ingen prikker sitter fast på Lucia: «Fordi hun har bestemt seg for at det er viktigere hva jeg synes enn hva de andre synes. Merkenes sitter bare fast hvis du lar dem sitte der». Jeg tror det ofte er slik i dagens virkelighet også. Vi er gode til å gi hverandre merkelapper, gode til å dømme andre, gode til å gi hverandre gullstjerner eller grå prikker. Merkelapper som er med på å forme oss.

Bibelen er klar på vår verdi; «For så høyt har Gud elsket verden at han gav sin Sønn, den enbårne, for at hver den som tror på ham, ikke skal gå fortapt, men ha evig liv.» Joh.3.16 «I Kristus utvalgte han oss før verdens grunnvoll ble lagt, til å stå for hans ansikt, hellige og uten feil. I kjærlighet» Ef.1,4

Jeg håper denne høsten kan bli en høst der du får speile deg i Guds øyne. Der du får kjenne på din verdi i Hans perspektiv. Uten menneskeskapte systemer. Uten merkelapper. Der Gud kan få lov til å være den som er med på å forme deg til den du er!

Min Salme

...**“Livet kan for fleire vera eller verta meir enn krevjande. I slike tider er det gjerne ikkje dei glade og lovsongsprega songane me har lyst å syngja. Eg har sjølv vore der.”**



Oddny Underhaug

Når natten fyller dine rom.

Når natten fyller dine rom og dine tanker, og alle lys er sloknet, ett for ett, da kan det skje du møter midt i mørket det himmellys du glemte du har sett.

Når sorgen lammer dine ord og dine hender, du gråter i en avmakt uten håp. Da kan du varsomt løftes midt i smerten av ham som du ble gitt til i din dåp.

Når tvilen herjer dine begn og dine hager, så vårens vekster rives opp og dør, da kan du se at noe fortsatt spirer, et himlens liv som er blitt plantet før.

Liv Nordhaug

Sitat frå ein vaksen ungdom frå Bryne: **“Eg sat åleine, litt fortumla, og stilte meg spørsmålet: Kvar vert salmane av? Vi song plutselig berre moderne songar frå lovsongstradisjonen.”**

Livet kan for fleire vera eller verta meir enn krevjande. I slike tider er det gjerne ikkje dei glade og lovsongsprega songane me har lyst å syngja. Eg har sjølv vore der.

I salmeboka er emneregisteret stort og har sin plass for “Tru og tvil”. Det er ikkje lett korkje å finna ord eller halda tonen rein i motbakkane, i dei vanskelege dagane på livsreisa. Her er ein salme me gjerne kan lesa og syngja for oss sjølv.

Håpet kan for oss til tider vera vanskelig å sjå eller gripa fatt i. Livssituasjonen kan rett og slett synast håplaus. I denne salmen tek Liv Nordhaug dette på alvor ved å leita, leita etter lyset og håpet i natta sine mørke rom. Ved å leita kan me finna trøyst og tru. Dette er ein viktig og sterk salme som Liv Nordhaug skreiv i 1989. Året etter hadde Svein Møller melodien klar. Salmen var med i Salmer 97 og er nå å finna på nr. 450 i Norsk salmebok 2013. Ikkje mindre enn ti salmar har Liv Nordhaug med i den nye salmeboka.

Oddny Underhaug

PS.

18. oktober kl 19.00 i Time kyrkje: Songgruppa Shalom syng med oss på denne salmen. (Sjå artikkel om Salmekveld side 27)

Oddny Underhaug



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Vil du gi en gave til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no

Foto framside: Lindisfarne av Liv Helene Øyre Håland

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 12. november.

Neste nr. kjem ut ca. 2. desember 2015.

Ingen røyk utan eld



Det åttande bodet:
Du skal ikkje vitna falskt mot nesten din.

Forklaring: Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje svik nesten vår, ikkje baktalar han eller spreier vonde rykte om han, men orsakar han, talar vel om han og tek alt i beste meining.

Vi seier det ofte: Ingen røyk utan eld! Men er det sant? Eg tenkjer på alle gongene eg har møtt einkvan med skepsis og halde god avstand til han eller henne. Nokon hadde sagt noko negativt. Ryktet hadde gått føre han eller henne, og ryktet forma korleis eg tok imot han eller henne. Røyken som kom føre var tjukk og sur, men mennesket viste seg å vera gildt. Her var mykje røyk, men ikkje eld.

I gjennomgangen av dei ti boda er vi i dag komne til det åttande bodet. Ofte har bodet fått ordlyden: Du skal ikkje lyga. Talen vår skal vera ja, ja eller nei, nei, seier Jesus. Det vi seier skal vera til å stola på. Men bodet, slik det er gitt oss i 2. Mosebok 20,16 lyder: "Du skal ikkje vitna falskt mot (tala usant om) nesten din." Bodet er gitt oss for å verna om vår nestes gode namn og rykte.

Mange av oss har tatt del i leiken der første deltakar kviskrar noko i øyret til den neste. Han eller ho skal kviskra

Boda i Helgedagen

I arven etter våre forfedre er dei ti boda ein viktig ressurs. Me kan med fordel studera dei nærare og reflektera over kva relevans dei bør ha i dagens kompliserte samfunn. Landet vårt er rikt på materielle gode. Men me ser at overflod kan føra til farar og utfordringar. Egoisme og materiell arroganse grip om seg. Kan det vera at gjerda rundt våre verdiar, som dei ti boda, er utsette for press og i stor grad har vorte borte?

Redaksjonen av Helgedagen ønskjer å løfta fram og setja fokus på dei ti boda. Har me bruk for boda i dagens samfunn? Kor viktig er det at ein har "stabbesteinar" eller "føringskantar" på livsvegen? Og er det nok å ha eit lovverk i "det ytre" utan at det eksisterer ein åndeleg dimensjon som påverkar sinnelaget?

RT

bodskapen vidare til neste man. Slik held leiken fram. Siste mann skal så fortelja kva han eller ho har høyr. Det er sjeldan det som sistemann har høyr liknar på det første mann sa. Slikt skjer i det verkelege livet òg. Du seier noko med ein liten snev av kritikk. Den neste høyrer med si eiga erfaring som bakteppe og fortel at du sa og kritiserte på det sterkaste. Slik held det fram til han eller ho det handlar er utan ære og integritet. Men sant er det ikkje. H.C. Andersen sitt eventyr om fjøra som vart til fem høns, er forteljinga om korleis det går når eg og du ikkje er nøye med sanninga i det vi seier.

Når eg vil fortelja om einkvan, då er det lurt å stoppa opp og spørja:

- *Er det sant det eg no vil seia?*

Det gjekk ei god historie om meg. Ein dag høyrde eg Åge med ein lattermild stemme i telefonen. "Er det sant"? sa han? Ja, eg måtte berre sjekka, før eg fortel vidare." Er ei historie for god eller for vond til å vera sann, så spør den det gjeld. Om du kjenner at det ikkje går an, ja, då er det best å teia.



Foto: KAA

- Gjennom livet kan vi vera med på å gjera livet til andre lettare eller vanskelegare med det vi seier om dei. (Illustrasjonsfoto).

Hugs at ei historie kan ha endra seg mykje på vegen gjennom fleire truverdige forteljarar.

- *Er det nødvendig å fortelja dette?*

Av kva grunn vil eg fortelja historia vidare? Ofte er det for å få nokon til å le. Er det greitt at eg utleverer ein annan til latter? Kva gjer det med den andre sitt rykte? Eg tenkjer det er viktig at vi berre fortel slikt som bygg andre opp. Det som bryt ned, kan vi teia med. Og av og til er det nokon som har krav på å vita, ein etterforskar eller kanskje den som blir utsett for svik og falskleik.

- *Tener det til noko godt at eg fortel?*

Det glade lattermilde fellesskapet er i seg sjølv eit gode. Det kan vera godt og rett å høyra sanninga, sjølv om den smertar. Å fortelja kan verna einkvan mot skade.

Den vesle katekisma seier det slik: "Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje svik nesten vår, ikkje baktalar han eller spreier vonde rykte om han, men orsakar han, talar vel om han og tek alt i beste meining."

Med stor innsikt skriv Jakob om tunga (Jakob3,8 ff):

Tunga vår

"Men tunga kan ikkje noko menneske temja, rastlaus og vond som ho er, full av drepende gift. Med henne lovprisar vi Herren vår Far, og med henne forbannar vi menneska som er skapte i Guds bilete. Slik må det ikkje vera, mine sysken!" (Jakob3,8 ff)

"Dette er boda de skal halda: Snakk sant med kvarandre!..." (Sakarja 8,16)

Og så er de velkomne til kyrkjekaffi på Kyrkjetorget!



Praten går rundt borda



Møyfrid Stokka steller i stand

Kvar preikesøndag i Time-kyrkja får me desse velkomst-orda, og me gler oss til denne sosiale delen av gudstenesta. Små og store finn vegen dit, og det er litt spenning i lufta: Kva får me i dag? Denne juli-søndagen blir det herleg marmorkake! Kaffien er òg klar, det same er safta.

Mange finn plass rundt borda, andre har allereie komme så godt i gang med praten at dei berre blir ståande i grupper. Det ser ut for at dei aller fleste har nokon å prata med. Det seier også sjeldnare gjester: Dei blir sett og tekne med i fellesskapen. Og praten går, om griser og kyr, om ferieturar, barneborn – og korleis det er med helsa. Presten kan òg få kommentarar og spørsmål om preika, så samtaleemna famnar vidt. Men i bakgrunnen må det jo vera nokon som steller



Gode smil før gudstenesta startar, frå v. Møyfrid Stokka, organist Oddny Underhaug og klokkar Sofie Braut

til desse gilde stundene. Dei er mange på kyrkjekaffi-lista, og denne søndagen er det Møyfrid Stokka som har ansvaret. Det er vanskeleg å vita kor mange som kjem, seier ho, så det kan vera utfordrande å laga til passande kakemengd! Når det er dåp, kan dåpsforeldra òg få seg ein kaffikopp mens dei gjer seg klare.

Soknerådsleiaren i Time, Karin Lima Friestad, seier at dei gjerne kunne hatt fleire på kaffi-lista, for nokre av dei eldre syns dei treng avløyning. Difor oppmuntrar ho yngre til å melda seg til innsats! Få gjerne ei eller ein med deg, så er de to som deler på ein fin jobb!

Tekst og foto: LHH



Nokon likar å prata ståande...
- og nokon argumenterer best sitjande!

Liten og stor på kyrkjekaffi



Holy Island – den heilage øya Lindisfarne



Lindisfarne:

- Øy som ligg om lag 10 mil nord for Newcastle, på austkysten av Nord-England
- Munkar frå Iona, leia av den irske munken og misjonæren St Aidan, grunnla klosteret på Lindisfarne i året 635 for å kristna dei nordlege angelsaksarane
- På 700-talet vart Lindisfarne Gospels (Lindisfarne-evangelia) skrivne her
- Den første kjende vikingherjinga var på Lindisfarne i 793

Mange vil nok hugsa frå sogeboka på barneskulen at norske vikingar "grueleg hadde herja Guds kyrkje på Lindisfarne med ran og manndrån". Årvisst hende det at vikingar herja og plyndra i Vesterlanda. "Det er som sjøen spyr opp vikingar, og jernhard er deira hug som deira våpen", vart det sagt.

"Regnbogen" står enno!



Ut mot Lindisfarne

Med dette som bakteppe, var det med blanda kjensler eg kom til Lindisfarne ein junidag i sommar. Her hadde forfedrane våre gjort så mykje vondt mot uskuldige menneske. Lindisfarne er ei tidevassøy. Ved flo sjø er øya stengd for omverda, men ved lågvatn er det mogeleg å køyra over eller gå langs merkt veg. Mange har gått pilegrimsvegen til fots over sandgrunna. Sjølv om turistane kjem hit i hopetal, så er her likevel rom for stille og ettertanke. Store klosterruinar og Lindisfarne Castle er interessante landemerke på øya, men kanskje vel så overveldande er Lindisfarne-evangelia. Dei vart skrivne på kalvekinnspergament i tidsrommet 700 – 725 her på øya, på latin – og av éin mann, Eadfrith. Om lag 150 feilfrie kalveskinn reknar dei med måtte til for dei 258 sidene. Dei fire evangelia har fått kvar sine meisterleg utforma illustrasjonar, og viser nyskapande teknikkar og artistisk talent på høgt nivå i si tid. Dette var verkeleg eit arbeid for Gud, men også til ære for St Cuthbert. Han hadde vore einbuar på ei lita øy tett ved Lindisfarne, og vore munk og biskop her på 600-talet.

Tekst og foto: LHH

På The Lindisfarne Centre får du eit godt inntrykk av Lindisfarne Gospels, men originalen til evangelia er å sjå i British Library i London. På heimesida deira kan du sjå "Turning the pages"- utgåva. Vel verd ein kikk!



Keltisk kross ved St Mary's Church

Borga på Lindisfarne - med spesielle "naust" i framgrunnen



Oslo-guten som blei prest i den grønne bygda



Foto: Gunn Berit Landa Soldal

Søndag 16. august blei Dag Øivind Østereng innsett som sokneprest i Undheim

Dag Øivind Østereng er i gang med prestetjenesta på Undheim. Han er født og oppvaksen i Oslo, men har lang fartstid som prest i nynorskland. I elleve år var han i Hardanger og dei siste sju i Rogaland.

Helgedagen har møtt Dag Øivind få dagar etter innsettings-gudstenesta i august. Han er glad for den gode mottakinga han har fått, og ser fram til å bli betre kjent med Undheims-buen. Etter eit presteliv på snart atten år i kyrkjelydar på Vestlandet er han blitt svært glad i den nynorske liturgien som han meiner har så god ein klang. Men Dag Øivind har framleis Oslo-guten si dialekt, og det vil ofte vera naturleg for han å uttrykke seg på bokmål, også i søndagspreika.

- KVA ER VIKTIG FOR DEG SOM PREST, OG KVA VISJON HAR DU FOR TENESTA PÅ UNDHEIM?

Prestetjenesten er å få stå i tjenesten med det beste og største av alle budskap, evangeliet, som nettopp betyr gode nyheter. Kirken har verdens beste nyheter å komme med.

Utfordringen er å nå fram med nyheten på en slik måte at mennesker oppdager nyheten, kjenner den relevant, og at den taler inn i den enkeltes liv, at mennesker tar imot budskapet og tror på det. Evangeliet er en evig aktuell nyhet om Jesus Kristus som har kommet oss mennesker nær med Guds rike, et rike der syndere blir tilgitt og dødens makt er brutt. En nyhet om evig håp og et budskap om Guds evige kjærlighet til oss mennesker. Har man først tatt imot evangeliet om Jesus Kristus, da har man fått noe å leve for og et grunnlag å dø på. Da erfarer man med Paulus at "enten vi lever eller dør, hører vi Herren til".

Min visjon for tjenesten på Undheim kan kanskje kokes ned til dette å få møte mennesker med evangeliet og få aktualisert budskapet inn i den enkeltes livssituasjon. Jesus var en mester på å møte mennesker akkurat der de var. Han så menneskene for den de var, og han møtte dem slik. Dette er et ideal for meg som prest, å møte mennesker slik, åpent og tillitsfullt. Det gir også rom for evangeliet.

I tillegg vil jeg tilføye at min visjon er at Undheim kyrkje og kyrkjelyd skal få være et sted der vi som fellesskap lever ut

Dag Øivind Østereng

Født: 1970 i Oslo

Embetseksamen: MF 1997

Famiie: Gift med Solbjørg frå Nærbø, 4 barn

Bustad: Nærbø sidan 2008

Arbeidserfaring: Sokneprest i Ulvik, Akademilektor NLA, Studentprest, Vikarprest i Rogaland, Ungdomsprest i Hå.

Idrett: Konkurransesyklist for IF Frøy, Oslo fram til juniorklassen

Kultur: Musikk, litteratur, ikkje minst lyrikk

Fritid: Ivrig tursyklist, fjellturar, vener, reiser

troens glede, deler håpet og sammen styrker og støtter hverandre på denne veien som heter livet. For meg er kristentroen avhengig av det kristne fellesskapet, og derfor må det være levende, livsnært og livskraftig.

DU ER OSLO-GUT, GIFT MED EI FRÅ HÅ OG HAR BUDD FLEIRE ÅR PÅ JÆREN. KORLEIS VAR DITT MØTE MED JÆREN OG JÆRBUE?

Jeg er opprinnelig fra Oslo, og har beholdt dialekten derfra, men har hatt hele mitt presteliv på snart atten år i nynorskmenigheter på Vestlandet, i jordbruks- og småkommuner. Møtet med hardingen og jærbuen er ikke så helt ulik. Hardingen er jordnær og liketil, det er også jærbuen. Generelt kan man vel si at hardingen nok er mindre direkte i sine tilbakemeldinger til presten, mens jærbuen sier mer direkte hva han mener. Jeg liker jordnære og reale folk som ikke er redde for å si høyt hva de tenker. Min erfaring som Oslogutt og møtet med bygdekulturen er en oppdagelse av at det er på bygda kulturarven forvaltes på svært mange måter. Jeg har stor respekt for bonden og for alt kreativt og skapende arbeid som finnes rundt omkring på gårdene, alt fra husflid og håndverkstradisjoner til folkemusikk, forretningsdrift og lokalt engasjement m.m. Jeg har møtt utrolig mange bønder og bygdeboere som har imponert meg med sin allsidighet.

Foto: Gunn Berit Landa Soldal



Dag Øivind Østereng og prost Kjell Borge Tjemsland på innsettings-gudstenesta

DU KJEM FRÅ STILLING SOM UNGDOMSPREST I HÅ. KOR VIKTG ER BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET I EIN KYRKJELYD?

Det er avgjørende at menighetslivet er for alle generasjoner, og at kirken erfares som et sted for hele storfamilien, fra de yngste til de eldste. At menigheten driver arbeid for barn og unge er derfor avgjørende viktig for menigheten som fellesskap. Barn er fullverdige medlemmer av menigheten og tilhører den i samme grad som voksne, og barna må møtes der de er i livet. Ungdomstiden er den mest identitetsavklarende tiden i livet, og det er i slutten av tenårene at livskursen ofte finner retning og form. Jeg ønsker at ungdom må kjenne kyrkjelyden som et godt fellesskap og en klok og god veileder med tanke på de gode valg i livet.

KVA SER DU PÅ SOM UTFORDRINGAR FOR DEN NORSKE KYRKJA?

Den norske kirke har mange ulike utfordringer. Den viktigste er den som Jesus har gitt oss som vårt oppdrag, nemlig å disippelgjøre, døpe og lære mennesker å ta vare på alt det Jesus har befalt oss. Men Den norske kirke har også utfordringer som den deler med kirkene i hele den vestlige verden, nemlig brytningen mellom kristen tro og en sekularisert kultur. Å holde fast på en kristen tro og en kristen livsstil i brytningen med en verden som ikke har Bibelen som rettesnor for livstolkning og etikk, skaper i vår tid sterke brytninger langt inn i kirkens egne rekker. Her må kirken ha mot til å være en selvstendig røst i kultur og samfunn, og ikke bare tilpasse seg kulturen rundt seg. Å være motkulturell er ikke noe mål for kirken i seg selv, det er mye i kulturen kirken må bekrefte og velsigne som godt, men der kulturen bryter med kristen tro, som i synet på menneskeverdets ukrenkelighet fra unnfangelse til død og i forståelsen for ekteskapet som kjønnsopplæringsordning, har kirken bundet mandat i Bibelen. Når livet floker seg i brytningen mellom ideal og virkelighet, skal ikke kirken forkynne dom, men nåde. Dette er den krevende kommunikasjonsutfordringen kirken har i vår tid.



Undheim kyrkje

På spørsmål om fritidsinteresser og forhold til kultur har Dag Øivind mykje å fortelja.

Hans store lidenskap på privaten er gleden over å sykla. I Oslo dreiv han med konkurransesykling fram til og med junior-klassen. Nå er han tursyklist. Som 18-åring tok han fri eitt år frå gymnaset og sykla Australia rundt., 16000 km. Han var heldig og fekk representera Bibelselskapet i eit internasjonalt prosjekt, "Bike for Bibles". Føremålet var å ha fokus på neste-kjærleik og samla inn pengar til biblar for urfolket. Seinare har han tatt del i turritt som Trondheim – Oslo, Bergen –Voss og Lysebotn – Bryne. I fjor sykla han Norge på langs saman med ungdom frå Jæren.

Det viser seg også at den nye presten er svært interessert i litteratur. Både romanar, drama og poesi. Han nemner Jon Fosse som framifrå til å "ta bort eit teppe" slik at me får nye perspektiv. Og han held fram Stein Mehren som ein tankevekkjande lyrikar, og i tillegg Halldis M. Vesaas, Arnold Eidslott og Helge Torvund. Då han budde i Ulvik blei han introdusert for og fekk sansen for Olav H. Hauge sin lyrikk. Nå har han kjøpt Garborgs samla verk.

RT



Dag Øivind Østereng har stor glede i å sykla. Her leiar han an saman med ungdom frå Jæren

Med hjarte for dei unge i slummen



Hanne Heskestad Fellers har starta hjelpeorganisasjonen Passport 2 Freedom

Mange jærboar møtte den utflytta brynejenta Hanne Heskestad Fellers på Jærdagen i år. Der presenterte ho Passport 2 Freedom, hjelpeorganisasjonen ho har etablert for å motarbeida menneskehandel. På jærdagsgudstenesta hadde ho appell og fortalte om situasjonen til dei som bur i favela-slummen i Brasil.

Hanne og mannen Sierra har budd i Los Angeles sidan 2009. Dei avslutta sommaropphaldet i Norge med å delta på Skjærgards Music & Mission på Risøya ved Tvedestrand. Der fekk dei på ulike måtar presentera Passport 2 Freedom.

Hanne har i mange år brukt dans til å få formidla ei meining. På Skjærgardsfestivalen var dei del av ei stor danseframsyning som heiter True Love Story. Denne set fokus på menneskehandel. Dansarar frå heile Norge brukte dans for å fortelja om situasjonen til barn i mange land.

Passport 2 Freedom har fleire prosjekt for å hjelpa barn og ungdom i Brasil-slummen slik at dei ikkje så lett blir offer for menneskehandel. Med kunstnarisk hjelp har Hanne fått designa ein eigen kleskolleksjon. Logoen til Passport 2 Freedom er eit hjarte- fingeravtrykk. Alle inntektene frå salg av kleda går til hjelpearbeidet.

Helgedagen har hatt e-postkontakt med Hanne etter norgesturen. Ho ser tilbake på eit "kjempebra sommaropphald". Mange var interesserte i å høyra meir om arbeidet for slummen i Brasil, og mange støtta ved å kjøpa klær. - Vi sel klær for å samla inn pengar til hjelpearbeidet, men også for at folk skal snakka om menneskehandel med andre. Fleire har fortalt at andre på deira arbeidsplass eller skule har sett t-skjorta/genseren og spurt om kva Passport 2 Freedom er. Det gir sjanse til å starte samtale om menneskehandel, men også om at me alle kan gjera litt for å hjelpa til, fortel Hanne.

RT



Hanne på Jærdagen i år

Trusopplæring i Den norske kyrkja



Trusopplæring i kyrkjelydane våre hausten 2015

Hovudmål for trusopplæringa:

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje kor barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdjar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

Undheim:

Babysong for barn fødd i 2015. Dette vert og ein del av tilbodet til den opne barnehagen i Undheim kyrkje. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og babyen med song, rørsle og sosialt samver. Song og musikk er viktig for babyen, og di stemme er den finaste babyen veit.



Me møtest annankvar onsdag kl.1030. Barnehagen har oppe kvar onsdag mellom 10-12 (følgjer skuleruta). Dersom de har med eldre sysken, kan dei vere i barnehagen medan

me har babysong oppe i kyrkja.

Pakk med lunsj, og kom! Barnehagen har kaffi/te og saft.

Prisen er 10 kr per vaksen per gong.

Det vert babysong desse onsdagane i haust:

23. sep, 21. okt, 4. nov, 18. nov, 2. des

CD til 2-åringane på Undheim

Søndag 27. september kl 10.30 i Undheim kyrkje er det haust-takkefest med utdeling av CD-en «Hvem har skapt alle blomstene?» til 2-åringane.



Invitasjon blir sendt ut.

Lye:

Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet med song, rørsle og sosialt samver. Song og musikk er viktig for barnet, og di stemme er den finaste barnet veit.



Lykkeliten åpne barnehage har oppe annakvar onsdag mellom kl 09.30 og 12.30 (me følgjer stort sett skuleruta). Songstund kl 10.15-10.45 v/ Ragnhild Hansen

Pakk med lunsj, og kom! Det er kaffi og te for dei vaksne. Prisen er 10 kr per familie per gong, 20 kr dersom det vert servert noko ekstra.

Lykkeliten er open desse dagane i haust:

2. sep, 16. sep, 30. sep, 14. okt, 28. okt, 11. nov, 25. nov



For 4-åringar:

Utdeling av Barnebibel til 4-åringane

18. oktober i Time kyrkje kl 11.00

4. november i Bryne kyrkje kl 11.00

22. november på Lye forsamlingshus kl 10.30

22. november i Undheim kyrkje kl 10.30

22. november i Bryne kyrkje kl 11.00

Trusopplæring i Den norske kyrkja



Tårnagentkveld i Time kyrkje

Fredag 16. oktober

blir det tårnagentkveld i Time kyrkje for barn fødte i 2006 (4. trinn).

Invitasjon blir sendt ut.

LysVaken
Bryne kyrkje

For 10-åringar/5. trinn:

Overnatting i Bryne kyrkje 30.10-31.10 og fire samlingar og avslutning på gudstenesta 1. søndag i advent 29. november.

Invitasjon blir sendt ut.

LysVaken
Time kyrkje

For 10-åringar/5. trinn:

Lye har fire samlingar torsdag rett etter skuletid på Lye forsamlingshus i november. Hognestad og Undheim har fire samlingar torsdag ettermiddag i Undheim kyrkje i november.

Felles overnatting for Lye, Hognestad og Undheim 27-28. november i Time kyrkje. Avslutning på gudstenesta 29. nov. Invitasjon blir sendt ut.

Bli med og sats på barn og unge



Brynekyrkja satsar på barn og unge. Her er Jarle Waldemar på besøk

Bryne kyrkelyd satsar på barn og unge. Det kostar pengar. No er det starta kampanje for å få endå fleire med på å gi.

Kan du hjelpe oss med eit reknestykke?

100 x 375

Har du sett nokre merkelege tal på Bryne kyrkjelyd si Facebookside den siste tida? 100 x 375 står det. Dei fortel kor lite som eigentleg skal til frå kvar enkelt om fleire blir med å gi. 450.000 kroner er budsjettet på gjevartenesta.

Nokre år var budsjettet 500.000, men det har vorte justert ned etter at me fleire år ikkje nådde målet, fortel Bjørn Inge Hauge. Han arbeider som kyrkjelydsutviklar. Toppåret for gjevartenesta var 2012. Då kom det inn 434.000 kroner. Seinare har beløpet gått noko

ned, og var i fjor rundt 400.000. Nedgangen skuldast for det meste at nokre av dei trufaste gjevarane har falle frå og få nye har kome til, seier han. Men no ønskjer altså soknerådet og økonomikomiteen å gjera noko med det. For potensialet er stort, meiner dei.

Til lønningar

- Kva går pengane til?
- Dei går til lønningar i barne- og ungdomsarbeidet. Bryne kyrkjelyd ønskjer å vera ein viktig del av tilbodet til barn og unge på Bryne. Det kostar pengar.
- Men er det ikkje staten som betaler for drift av kyrkja?
- Det er det mange som trur. Og staten betaler ein del. Me får også ekstra pengar etter at kyrkja fekk ansvar for trusopplæringa. Men det er langt frå nok til å driva ein offensiv kyrkjelyd som satsar på barn og unge slik me ønskjer å gjera her.

For kven?

- Må ein vera enig i alt i kyrkja for å melda seg som gjevar?
- Nei, alle som set pris på det tilbodet kyrkja har til barn og unge, er sjølv sagt velkomne til å vera med å gi.



Bjørn Inge Hauge

Bjørn Inge Hauge meiner at å gi til kyrkjelyden burde vera ein normal ting å gjera. For dei som høyrer til andre kyrkjesamfunn, er det gjerne sjølv sagt å gi fast til arbeidet. Slik har det ikkje alltid vore i Den norske kyrkja. Men faste gåver vil bli meir og meir naudsynt. Han fortel at staben i kyrkja har vakse mykje dei siste åra og ikkje er til å kjenna igjen. Før var det nokre få tilsette, medan det no er ein stor stab med ansvar for eit svært mangfaldig arbeid.

Blant tilboda til barn og unge er:

- Trusopplæringa, der alle døypte opp til 18 år vert inviterte.
- Konfirmantopplegget
- Ungkyrkja
- Speidaren
- Jungelkoret
- Jungelgjengen

Offer

- Men offeret som kjem inn når det er gudsteneste?
- Det går til drifta, ikkje til lønningar. Og mange søndagar vert det



ungKyrkja er ein del av satsinga

Kors på alterveggen i Bryne kyrkje



Montasje som viser korleis kunstprosjektet er tenkt

Denne hausten vil det store kunstprosjektet i Bryne kyrkje stå ferdig:

- Tårnveggen får glaskunst ut mot byen.
- 2 gjenstående felt gjer glasmaleriet i fondveggen komplett.
- Per Odd Aarrestad fullfører sitt kunstnarlege uttrykk inne i kyrkja med ei utsmykking av den kvite veggen bak altaret.

Bryne sokneråd har teke på seg ansvaret for å finansiera det siste punktet og inviterer til **stor kulturkveld i kyrkja fredag 18. september kl.19.00.**

Då blir det mellom anna møte med kunstnaren. Me håpar at mange vil bli med og gje til dette sentrale og gode uttrykket i kyrkja.

Kunstnaren skriv mellom anna følgjande om utsmykkinga:

«Fondveggen med glasmaleri pregar og dominerer det sakrale romet i Bryne kyrkje. For at alteret skal få stå fram som det midtpunktet det er, er den visuelt rolege og kvite veggen bak viktig. Det går an å forstå at det er dei som opplever veggen så anonym og innhaldslaus at det skiplar tanken om gudsnærværet nettopp her ved

alterring og under nattverd. Det er likevel viktig at alterveggen ikkje vert gjort så visuelt aktiv at alteret mister kraft og visuell ro. Eit kors med rød spalte gjennom heile korsstammen er det nye som alterveggen nå skal ta imot. Korset har same høgde, er innfelt i, og har same materiale og farge som veggen. Det er eit tomt kors. Frelsesverket er fullført. Det røde kjærleikssporet frå midtfeltet i hovudutsmykkinga vert nå ført heilt ned mot golvet. Alterveggen viser altså svært konsentrert grunnen som hovudutsmykkinga byggjer på, og som gjer at fondveggen rommar så mykje jubel og takk: Korset er tomt. Frelsesverket er fullført. Gud er kjærleik.»

Planen er å utføra utsmykkinga i anleggsperioden september-oktober.

Når alt står ferdig i november, blir det stor kulturfest i glaskunstbyen **laurdag 21. november kl 17.**

For ei glede for kyrkja og byen!

Stein Ødegård

► samla inn til misjonsorganisasjonar og anna arbeid. Det blir altså ikkje allverda av det.

- Somme snakkar om å gi ti prosent av lønna. Kor mykje bør folk gi?
- Det blandar me oss ikkje opp i. Nokre av oss kan lett gi meir enn 375 kroner, for andre er det nok med mindre. Her på Jæren gir jo mange også til andre føremål, til dømes misjonsorganisasjonar. Så det er eit spørsmål den einskilde må svara på. Men eg meiner at det er ein god ting for oss å gi. Det er naturleg å dela med oss av alt me har fått. Det gir også mykje tilbake.

Mål

100 personar som gir 375 kroner i månaden er 450.000 kroner i året. Det betyr at det ikkje skal så mykje til før budsjettet vert gjort til skamme. Det burde ikkje vera vanskeleg å få til i en ressurssterkt menighet som Bryne.

Ut på tur

På Brynekyrkja si facebookside står ikkje berre desse tala. Det står

også eit fly. Det skal fortelja at Jæren Sparebank har gitt eit gavekort på 7500 kroner. Det vert trekt ut blant alle faste gjevarar når kampanjen er avslutta. Før kampanjen starta var dei 56 faste gjevarar. Det har alt kome fleire nye til. Når me målet saman?

Reidun Gudmestad



www.brynekyrkja.no/fastgjevar



Vi ønsker å invitere deg til

Speidaren Hausten 2015

Les meir på brynespeider.no



Familiefokus

